



Sunnfjord
kommune

Årsplan 2023–2026

Halbrend barnehage



Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen	4
Om barnehagen	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	5
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	7
Fagområder frå rammeplanen til barnehage.....	7
Medverknad.....	13
Barn.....	14
Foreldresamarbeid	15
Tidleg innsats	16
Overgangar.....	16
Når barnet startar i barnehagen	16
Overgangar i barnehagen	17
Overgang mellom barnehage og skule.....	17
Samarbeid	18
Samarbeid internt i barnehagen	18
Samarbeid med eksterne instansar.....	18
Vurdering	19
Hendingar og markeringar i barnehagen	21

Einingsleiar har ordet

Velkomen til Halbrend barnehage sin årsplan. Her kan du lese om kva Halbrend barnehage står for og korleis vi jobbar for å skape eit trygt og godt oppvekst og læringsmiljø for alle barn.



Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet, eit utgangspunkt for foreldremedverknad, grunnlag for tilsyn og informasjon om det pedagogiske arbeidet.

Årsplanen byggar på barnehagelova og rammeplan for barnehagar. Årsplanen er eit levande dokument og må derfor jamleg justerast.

I tillegg til årsplanen har Halbrend følgande dokumentar/planer der ein får informasjon om og frå barnehagen:

- Velkommen til Halbrend Barnehage, eit informasjonsskriv som blir sendt ut til alle nye foreldre
- Årshjul—halvårleg for barnehagen (blir sendt ut ved barnehageårets start og ved nyttår)
- Informasjonsskriv med månadsplan frå avdelingane.

For kontakt informasjon og anna praktisk informasjon viser vi til vår nettside:

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-oq-skule/barnehage/finn-barnehage/halbrend-barnehage/>

Vi nyttar Visma Flyt barnehage-app som kommunikasjon mellom heim og barnehage.

Eva Omdal Følling
einingsleiar
Halbrend barnehage

Presentasjon av barnehagen

Visjon for barnehagen

EIN BARNEHAGE FOR ALLE KVARDAGAR

OMSORG – LEIK – LÆRING – DANNING med

ENGASJERTE—INKLUDERANDE—NÆRE vaksne.

- Halbrend barnehage skal vere ein trygg plass å vere i lag med trygge vaksne. Vaksne her skal; ta seg tid, lytte, glede seg når barnet meistrar og sjå det positive i kvar einskild.
- Vi skal gje barna omsorg tilpassa den enkelte sine behov, dvs. vi kan tilpasse sovetider, måltid og andre rutinar i eit tett samarbeid med dykk som foreldre. Vi skal støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg, og til å ta imot omsorg frå kvarandre.
- Vi ynskjer å skape gode kvardagar fylt med leik, latter og glede, der det skal være rom for barna sine initiativ.
- Leiken er det viktigaste for barna og den skal ha ein sentral plass i kvardagen vår. Det skal den ha fordi gjennom opplevingar i leiken får barna utforske og undre seg, dei opplever glede og fellesskap, dei dannar vennskap og får øvd seg på sosiale strategiar.
- Barna skal få leike i nærvær av engasjert og inkluderande vaksne og gjennom det får dei øvd, opplevd og dei gjer seg erfaringar som er viktige bidrag i deira sosiale og kognitive utvikling.

Om barnehagen

Halbrend barnehage starta opp i 1977 og var blant dei første barnehagane i Sunnfjord kommune. Barnehagen ligg sentralt plassert i Liavegen, roleg bustadområde med Halbrendshallen, Halbrend skule, Flatene skule i nærleiken. Barnehagen starta opp med 2 avdelingar og blei 1994 utvida til 4 avdelingar. Barnehagen har plass til 54 barn fordelt på 2 avdelingar for barn 3-6 år (18 barn pr avdeling), og 2 for barn 1-3 år (9 barn pr avdeling)

Barnehagen har eit stort uteområde der store deler er naturtomt. Dette gir gode moglegheiter for allsidig fysisk aktivitet. Vi har eit flott nærområde med mange flotte tur moglegheiter tilpassa alle aldra.

Barnehagen sitt verdigrunnlag

OMSORG OG DANNING

Gjennom god omsorg oppnår vi tryggleik og det er grunnleggande for trivsel og utvikling. God omsorg handlar om å sjå barnet, hjelpe det til å forstå seg sjølv, kjenslene sine og dei andre rundt samtidig som barnet opplever seg som ein viktig del av fellesskapet. Det er i fellesskapet og i møte med andre vi utviklar oss som menneske. Vi skal ha ein kvardag som skapar trygge og tillitsfulle barn som vågar vere seg sjølv og gje uttrykk for sine meningar.

[\(Rammeplanen 2017\)](#) / [Rammeplan 2017](#)

Personalet i Halbrend barnehage har som mål å

- dekke barna sine behov for fysisk og psykisk omsorg.—Ro, sjå, lytte til, hjelpe, trøyste, støtte og oppmuntre
- skape trygge, stabile rammer som er kjente for barna
- ha eit miljø prega av glede, humor og omsorg for kvarandre (liten-liten, liten-stor, stor-stor, stor-liten)
- jobbe for at barna kjenner meistring og utviklar seg åleine og i lag med andre
- møte alle barn på ein open, varm og interessert måte som skaper tilhøyrslse
- tilpasse omsorg til det einskilde barnet (f.eks. sovetider på småbarn)
- bidra til at barna kan forstå verdiar og normer som er viktige for fellesskapet
- lære barna å setje eigne grenser og å respektere andre sine grenser

LEIK

Leik er viktig for barn og skal ha ein sentral plass i barnet sitt liv og i barnehagekvardagen. I leiken skjer utvikling og læring, og det er ein plass for sosial og språkleg samhandling. Det er personalet sitt ansvar å legge til rette for eit godt leikemiljø, der det er tid og rom for leik, og der alle barna får være ein del av leikemiljøet. [\(Rammeplanen 2017\)](#)

Personalet i Halbrend barnehage skal være aktive vaksne som er nære og til stades i barn sin leik for å

- fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik
- legge til rette for variert leik og ha tilgjengeleg utstyr både inne og ute
- støtte, inspirer og oppmuntre i leiken og fremje barnekultur
- stimulere til leik gjennom opplevingar som turar, drama, bøker, leiker m.m.
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- observere og hjelpe barna både sosialt og språkleg og til å halde leiken ved like og inkludere kvarandre

LÆRING

Læring skjer i eit fellesskap med andre. Nysgjerrigkeit, kreativitet og utforsking skal være drivkrafta i læreprosessane. Barn lærer med heile kroppen og ved hjelp av alle sansar. [\(Rammeplanen 2017\)](#)

Personalet i Halbrend barnehage skal jobbe med å

- leggje til rette for gode relasjonar i eit inkluderande fellesskap der barna bidreg til eiga og andre si læring
- leggje til rette for eit kreativt miljø som skapar undring, utforsking og gjev mot og lyst til å lære
- støtte barna til å utforske eigne evner og gje positive tilbakemeldingar slik at barna opplever glede over eigen meistring
- vere vaksne som deler av eigen kunnskap, er engasjerte og oppfinnsame for å vekke interesse hos alle barn
- ta utgangspunkt i det barn er interessert i og saman med dei undersøkje, stille spørsmål og finne svar
- formidle kunnskap og skape undring
- gje barna erfaringar og opplevingar som turar, teater, konserter og liknande, slik at ein får progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen

Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

Fagområder frå rammeplanen til barnehage



Inkluderande barnehagemiljø

Hovudmål: Alle barn skal ha det trygt og godt i Halbrend Barnehage.

Delmål: Alle vaksne skal følgje med på at alle barn trivast og har det bra i barnehagen.

Tiltak:

- Vaksne er aktivt og nært til stade i leiken kvar dag.
- Observerande vaksne som aktivt ser etter.
- Nær dialog med foreldre om barnet sin trivsel.
- Ha fokus på miljøet i avdelinga.
- Gje alle barn positiv merksemd kvar dag.

Delmål: Bruk av målretta tiltak når ein oppdagar eller får mistanke om at eit barn ikkje trivast.

Tiltak:

- Dele barnegruppa i mindre leikegrupper.
- Jobbe med å inkludere i leik.
- Samtalar med barn.
- Tett foreldresamarbeid.

Språk og språkutvikling

Hovudmål: Skape gode språkmiljø i barnehagen som eit godt grunnlag for alle barn si språkutvikling.

Delmål: Legge til rette for språkaktiviteter tilpassa barna sine ulike føresetnadar og behov.

Tiltak:

- Bli kjent med språkverktøya «Språkkista», «Snakkepakken», «Babblarna».
- Bruke «Språkkista» digitalt.
- Bruke verktøya i planlegging og gjennomføring av språkaktiviteter.

Relasjonskompetanse

Hovedmål: Etablere trygge og gode relasjonar mellom vaksne og barn som eit grunnlag for barna sin trivsel og utvikling.

Delmål: Auke personalet sin kompetanse om tilknyting og tryggleik (Tryggleikssirkelen, COS).

Tiltak:

- Nytte tryggleikssirkelen som modell for å forstå barna sine behov og aferdsuttrykk.
- Setje grenser som speglar tryggleikssirkelen - *større, sterkare og klokare, men god.*
- Jamleg reflektere og vurdere eiga evne til å etablere, vedlikehalde og reparere relasjonar.

Dei ulike fagområda

Satsingsområda er overordna og førande i alt arbeid og aktivitet i lag med barna og fagområda.

Vi jobbar med fagområda gjennom heile året ved å ha ulike aktivitetar, tema og prosjekter. Vi sett av bestemte periodar der vi koncentrerer oss om eit tema eller aktivitet over tid. Desse prosjekta går på tvers av fagområda og vil gjerne famne om fleire av dei. Detaljar får du på aktivitetsoversikt for året og på informasjonsskriv/månadsplanen for avdelingane.

Fagområdet språk, tekst og kommunikasjon er eit særskilt satsingsområdet som vil være i fokus gjennom året og i alt vi gjer.

Vi legg opp til aktivitetar og tema tilpassa dei ulike aldersgruppene. Det vert progresjon i aktivitetane slik at kvar aldersgruppe har sine opplevingar og kan glede seg til nye når dei vert eldre. For å sikre progresjon og utvikling gjennom heile barnehagetida, deler vi barna i grupper etter alder to gonger i veka.

Siste året før skulestart samlast i barna i *Klubben* to gonger i veka.

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKT

Barnehagen må gje alle barn varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler. Språk er viktig for god samhandling og det er viktig både å snakke og lytte. Barna treng ofte hjelp til å gje uttrykk for kjensler, ordne opp i konfliktar og for å forstå omgjevnaden.

[\(Rameplanen 2017\)](#)

For å nå desse måla må vi

- vere bevisste på og synleggjere språket
- snakke tydeleg og setje ord på omgjevnaden
- unngå lange setningar
- vente på svar
- nytte samspel- og leikesituasjonar
- auke ordforrådet rundt einskilde tema

Kva gjer vi:

- Spelar spel som fremjar rytmen i språket.
- Nyttar rim og reglar.
- Leser bøker og syng songar.
- Brukar bokstavar og namn når vi merkar hyller og liknande og har alfabet tilgjengeleg og synleg for alle.
- Samtaler med barna om tema eller ting dei er opptekne av

KROPP, RØRSLE MAT OG HELSE

Fysisk aktivitet, sunt kosthald og god fysisk og psykisk helse er viktige stikkord for dette fagområdet.

Barnehagen skal gjennom arbeid med dette fagområdet legge til rette for at

- alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur
- alle barn får varierte og utfordrande opplevelingar med å vere i fysisk aktivitet på ein slik måte at dei kan oppleve motivasjon og meistring ut i frå eigne føresetnader
- alle barn får medverke og ta del i gode måltid med fokus på sunn mat, fellesskap og gode samtalar rundt bordet [\(Rammeplan 2017\)](#)

For å nå desse måla må vi

- ha måltid som er prega av god tid, gode samtalar, og som kan bidra til å skape gode og sunne matvanar
- planleggje inspirere og leggje til rette for variert fysisk leik både inne og ute,
- sjå, bekrefte, rose, oppmuntre, vere til stades og sjå den einskilde i leik, fysisk aktivitet og samhandling
- ta vare på barnas fysiske og psykiske helse
- lære barna respekt, kjennskap og forståing for eigen og andre sin kropp gjennom dagleg samhandling fysisk og verbalt
- ha eit godt tilrettelagt utedrift i barnehagen med gode høve til varierte aktivitetar, dvs klatring, dissing, sykling, hopping av paradis/slengtau/strikk, leik i sandkassa, fotballsparkning, ballaktivitetar, organiserte leikar/songar mm.

Kva gjer vi:

- Har ei dagsrytme som tek i vare behovet for aktivitet, kvile og sunne måltid
- Har variert kosthald med mykje fiber, grønsaker, frukt og rutinar som gjev kroppen mat ca. kvar tredje time
- Lagar varmt måltid til lunsj minimum 2 gongar pr månad.
- Har fokus på trivsel, samhald, glede og omsorg i den daglege samhandlinga.

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Rammeplanen seier:

- Barn skal få oppleve og erfare kunst og kultur i ulike former.
- Barn skal få oppleve å skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk både åleine og i lag med andre.
- Barn skal lære å sanse, oppleve, eksperimentere, skape, tenke og kommunisere.
- Barn skapar eigen kultur ut ifrå eigne opplevelingar.

For å nå desse måla må vi

- leggje til rette aktivitetar og opplevelingar ut i frå barna sin alder
- ta barna med på val
- vere gode rollemodellar og inspirere
- vere ansvarlege for at barna får oppleve meistring
- gje ros og oppmuntring

Kva gjer vi:

- Songstund 2 gongar pr månad.
- Les, fortel, dramatiserer, leiker songleikar og fangeleikar.
- Lærer grunnleggjande teikne- og maleteknikkar.
- Perler, modellerer, vev m.m.
- Lærer rim og regler, songar og bruker rytmeinstrument.
- Vert kjent med ulike typar musikk og uttrykksformer gjennom konserter.
- Deltek på film, teater, kunstutstillingar, rikskonsertane og besøk i kyrkja.

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Barn skal oppleve at naturen kan vere ein arena for leik og læring. Barna skal bli kjent med og få forståing for planter, dyr, landskap, årstider og ver. Barna skal få forståing for samspelet i naturen og mellom menneska og naturen, og gjennom dette lære å ta vare på naturen. ([Rammeplanen 2017](#))

For å nå desse måla må vi

- gjennom samtale ta utgangspunkt i nyfikna, interessene og føresetnadene til barna
- nytte friluftsaktivitetar og utelek
- bruke nærmiljøet
- gje barna begynnande kunnskap om fødsel, vekst, aldring og død

Kva gjer vi:

- Oppleve naturen og undre oss i lag.
- Oppleve glede ved å ferdes i naturen.
- Gje kunnskap om dyr og vekstar.
- Lære å observere.
- Erfare korleis teknologi kan brukast i leiken og kvardagslivet.

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningars. Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han skal ta med seg verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. ([Rammeplanen 2017](#))

For å nå desse måla må vi

- ta utgangspunkt i barnehagens verdigrunnlag
- vere opne, respektfulle og i dialog med barn og heim
- markere kristne høgtider
- skaffe oss kunnskap om tradisjonar knytt til andre religionar og livssyn i vår barnehage
- gje rom for at daglege aktivitetar som kan gje gode samtalar med undring og ettertanke

Kva gjer vi:

- Gir barna høve til undring og tenking, samtalar og forteljingar.
- Formidlar våre normer og verdiar.
- Legg vekt på toleranse og interesse for kvarandre.
- Formidlar grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon.
- Gir barna kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar, og tradisjonar knytt til andre religionar og livssyn som er representert i barnegruppa.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit, undring og høve til medverknad. Barnehagen skal styrke kunnskapen om lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og ulike samfunn. Barna skal få kjennskap til korleis media påverkar kvardagen.

For å nå desse måla må vi

- bruke ros og oppmuntring for å synleggjere at kvar einskild er viktig for fellesskapet
- nytte nærmiljøet aktivt
- utdjupe opplevingane gjennom leik, samtale, formingsaktivitetar m.m.
- skape rom for dialog og ettertanke kring media i kvardagen vår

Kva gjer vi

- Turar som gjev opplevingar og erfaringar i nærmiljøet: bibliotek, skogsområde, skulen, sentrum, arbeidsplassar o. b.
- Besøkje nærmiljøet til barna, sjå kor dei bur.
- Barna får medverke og påverke eigen kvardag i barnehagen utifrå eigne val.



MENGD, ROM OG FORM

Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna

- utviklar forståing for ulike matematiske omgrep
- erfarer, utforskar og leikar med form og mønster, tal og teljing
- erfare ulike typar størrelsar, formar og mål gjennom å sortere og samanlikne.
- bruke kroppen og sansane til å utvikle romforståing
- opplever glede over å utforske og leike med tal og form, stille spørsmål og undersøke, resonnere og søkje løysingar
- gjennom leik, eksperimentering og kvardaksaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse

For å nå desse måla må vi

- ta utgangspunkt i det barna kan
- legge til rette for aktivitetar og samtaler som fremmer forståing for tal, mengd, rom, form
- ha tilgjengeleg materiale som er med å utvikle nysgjerrigkeit og kunnskap som ulike typar spel, teljemateriell, klossar, leikar, formingsmateriell
- ha tilgjengeleg materiale som barna kan klassifisere, sortere og samanlikne

Kva gjer vi?

- Barna tel /viser kor mange år dei er, får omgrep om kor mange dei er i familien og kven som er store og små.
- Spele spel, bruke terning og flytte slik som terningen vise.
- Stiller opp t.d. bilar/dokker og lærer seg omgrep som først, sist, rekkjefølgje og tal.
- Perler og vev med ulike mønster og former.
- Lokalisering, finne fram, orientere seg i rommet.
- Måle og samanlikne lengde, areal, volum, tid, vekt og pengar.
- Forklare, argumentere, resonnere og gjere logiske slutningar.



Medverknad

Barn si rett til medverknad er tydeleg uttrykt både i rammeplan, barnehagelova, grunnlova og FNs barnekonvensjon.

Barna skal oppleve at det er mogeleg å påverke det som skjer i barnehagen og spesielt sakar som gjeld dei sjølve. Vi skal leggje til rette for og oppmuntre til at barna gir uttrykk for sine synspunkt og at desse har innverknad på deira kvardag i barnehagen. Vi skal vektlegge synspunkta i samsvar med alder og modenskap, og barn skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Til det beste for barnet er eit grunnleggande omsyn som skal ha innverknad på handlingar og avgjersler som gjeld barn i barnehagen.

For personalet i Halbrend barnehage betyr dette:

- Barn skal reknast som likeverdige med vaksne, og har rett til innverknad på lik linje med vaksne.
- Sjå og møte kvart barn som eit sjølvstendig individ.
- Ut i frå alder og modning skal barna bli høyrt, lytta til og ivaretatt.
- Barn kommuniserer på ulike måtar; snakke, gråte, gjennom humor og glede, ved tausheit og trekke seg vekk. Det er den vaksne sitt ansvar å prøve å forstå alle barna sine ulike afferdsuttrykk.
- Det barna uttrykker skal takast på alvor, følgjast opp og barnet skal oppleve respekt for den meining dei uttrykker.
- Gje barna høve til å medverke utifrå eigne evner.
- Ta barna med i planleggingsprosessen og spørje dei korleis dei likte det (evaluering).
- Vise til og gje barna ein bevisstheit til at «dette har de vært med å bestemt».

Barn

Medverknad i Halbrend barnehage er at alle barn skal

- oppleve at dei er med og påverkar eigen kvardag
- bli møtt av vaksne som er opne for barn sine innspel
- ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i fellesskapet
- verte tekne med på råd, planlegging og vurdering

Foreldresamarbeid

Barnehagen skal legge til rette for eit godt foreldresamarbeidet og for at foreldre skal få medverke til innhaldet i barnehagen. Vi har utarbeida ein verdiplakat som skal ligge til grunn for foreldresamarbeidet i vår barnehage.



FORELDRESAMARBEID I HALBREND BARNEHAGE

Kva er våre mål for foreldresamarbeidet?

Kva er viktige verdiar for oss når det kjem til samarbeid mellom heim og barnehage?

Respekt	Tillit	Dialog	Barnets beste	Omsorg
Lytte til kvarandre	Ærlegheit	Openhet	Lik forståing av barnet sine behov	Rausheit
Vise forståing for kvarandre	Humor og glede Bidra med viktig informasjon	Låg terskel for å ta opp saker God kommunikasjon	Felles mål for barnet si utvikling	Tryggleik Humor/glede
Vise interesse for kvarandre	Gjensidig ressurs for kvarandre	Småprat	Løysingsorientert	Gode samspel
Anerkjenne ulikskap	Avklare forventningar	Positivitet		
Høflegheit; Helse på kvarandre		Imøtekommande		

Utarbeida 27.03.2023

Foreldresamtalar, foreldremøte, foreldreutval og samarbeidsutval er formelle kanalar for samarbeid. Dialog ved levering og henting er også viktige møtepunkt mellom heime og barnehage.

Foreldresamtaler

- Oppstartsamtale. Før barnet startar i barnehagen blir foreldre inviterte til samtale med mål om å utveksle informasjon og bli kjent med kvarandre.
- Foreldresamtaler, 2 gangar i året,(haust og vår) der tema er barnet sin trivsel, sosial samhandling, utvikling og læring
- Ved overgang frå liten til stor legg vi til rette for samtale om overgangen med pedagogisk leiar på stor avdeling.

Foreldremøte

Vi har eit foreldremøte i september knytt til oppstarten på hausten. Det kan også gjennomførast foreldremøte på våren, som da gjerne er knytt opp mot eit spesielt tema og der Su kan være ein samarbeidspart.

Foreldreutval og Samarbeidsutval

På foreldremøte om hausten vel foreldra to representantar pr avdeling som utgjer foreldreutvalet i barnehagen. Blant desse 8 vel ein fire, ein frå kvar avdeling som stiller til val i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet er samansett av 2 foreldre representantar, 2 frå dei tilsette og 1 representant for eigar(kommunen). I tillegg er styrar med som møteleiar og referent.

Tidleg innsats

Det er eit klart mål å komme så tidleg som mogleg inn for å gje hjelp og støtte der vi kjenner ein bekymring for eit barn sin utvikling eller adferd. God og tidleg dialog med foreldre er ein føresetnad.

Sunnfjord kommune har ein eigen plan som viser korleis vi jobbar for å nå dette målet. [Handbok i tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialpedagogikk](#).

Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

Å starte i barnehage er ein viktig hending for både barn og foreldre. Barnehagen skal leggje tilrette for ein trygg og god start. Når ein har takka ja til plass hos oss får ein tilsendt eit velkomstbrev og ein informasjonsbrosjyre frå oss, [«Velkommen til Halbrend Barnehage»](#). Her skriv vi korleis vil gjennomfører tilvenninga hos oss. Før barnet startar i barnehagen inviterer vi foreldre til ein oppstartsamtalen med styrar og pedagogisk leiar på den aktuelle avdelinga, jf. foreldresamarbeid.



Overgangar i barnehagen

Gjennom barnehagetida skjer det også overgangar frå liten til stor avdeling. Barn og foreldre skal oppleve at det blir lagt til rette for gode overgangar mellom avdelingane. Vi har eit ansvar for at barn og foreldre får tid og anledning til å bli kjend med barn og personale på den nye avdelinga.

Rutinar ved overgang mellom avdelingar:

- Ha ein grundig prosess i leiargruppa for å sette saman gode barnegrupper. Målet er ha klart barnegruppene so tidleg som mogleg, og helst før foreldresamtalene på våren.
- Barn og personalet frå småbarnsavdelinga er på besøk på storavdeling 2-3 gonger på våren.
- Foreldresamtale med pedagogisk leiar på ny avdeling før overflytting.

I Halbrend barnehage er vi opptatt av at vi er ein barnehage med eit felles ansvar for alle barn. Alle i personalet har eit ansvar for å kjenne namna på barna i heile barnehagen.

Overgang mellom barnehage og skule

Vi skal, i samarbeid med foreldra og skulen, leggje til rette for ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barna skal få gle seg til å begynne på skulen, og vi har eit ansvar for at dei opplever ein samanheng mellom skule og barnehage. Skulestartarane skal få med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheter som gir eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen. Barna skal få avslutte barnehagetida på ein god måte og gå skulen i møte med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner.

Mål for Halbrend barnehage:

Barn og foreldre skal oppleve god informasjon om og ein god overgang til skule.

Halbrend barnehage sine rutinar:

- På foreldremøte på hausten vert det informert om overgangsskjema barnehage – skule og kva vi legg vekt på siste året i barnehagen.
- Barna deltek i "klubben" to gonger i veka
- Observasjonar og utfylling av TRAS
- Besøk på Flatene skule til arrangement som felles samling m.m. Våren nyttast til å bli kjend på inne og uteområdet til Flatene skule eventuelt andre aktuelle skular.
- Foreldresamtale innan 10 mai; gjennomgang av overføringsskjema og underskrift på dette.
- Overføring av opplysningar innan 20 mai
- Utvida samarbeid ved behov

Mål for "klubben "

- Sveise forskulegruppa saman på tvers av avdelingane slik at ein vert trygg og kjend
- Lære å ta i mot felles beskjedar
- Møte nye utfordringar
- Styrke sjølvkjensla
- Bli kjend med ute- og inneområdet på Flatene skule
- Opplevingar som berre er for dei eldste barna

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Personalmøter, planleggingsdagar, pedagogisk leiarmøte og avdelingsmøter er arenaer for samarbeid internt og for fagleg utvikling.

I tillegg har vi ressursteam som består av pedagogane i barnehagen og leiarane. Teamet er knytt mot tidleg innsats og er eit fora for samarbeid knytt tilpassa opplæring og spesial pedagogikk.

Samarbeid med eksterne instansar

PPT v/ kompetanseteamet. Barnehagen har ein eigen kontaktperson i teamet.

[Helsestasjon i Sunnfjord kommuen](#) har eit eige oppfølgingsteam som tilbyr familiesamtalar og oppfølging av barn og unge. Dei tilbyr foreldrerådgiving og rettleiing innan PMTO. Barnehagen kan hjelpe med å komme i kontakt dersom foreldre treng eller ønsker rettleiing i forhold til sitt barn.

[HomeStart](#) – familiekontakt. Er eit lågterskel tilbod til familiar med minst eit barn under skulealder som ynskjer eller treng hjelp i kvarvarden med barn. Hjelpen kan bestå av praktisk hjelp eller samtale, besøk i heimen. Alt etter kva behov familien har. Kommunen har ein eigen koordinator ein tar kontakt med om ein ynskjer hjelp.

Vurdering

Det er kvaliteten på samspelet og relasjonane, mellom barna og mellom barna og de vaksne, som er den viktigaste føresetnaden for barnas trivsel, utvikling og læring i barnehagen. Derfor må vi gjennom observasjon og dokumentasjon jamleg vurdere og forbetre arbeidet vårt.

Barnehagen er ein pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. I desse prosessane har barn og foreldre rett til å medverke. Planlegginga skal være basert på kunnskap om trivselen og den allsidige utviklinga til barna både individuelt og i gruppa. Det får vi gjennom å observere barna og gruppa som heilheit og gjennom samtalar vi har med barn og foreldre.

Det pedagogiske arbeide i barnehagen skal regelmessig takast opp til vurdering. Å vurdere handlar om å setje verdi på kva som er bra og kva som ikkje er godt nok. Vurderingsarbeidet må bestå av felles refleksjonar som involverer heile personalgruppa og som opnar for ein kritisk og reflekterande praksis. På denne måten lære av vår eigen praksis og la dette få bidra til å utvikle barnehagen.

Vurderingane må byggje på dokumentasjon og sjåast i samanheng med dei måla vi har sett for einskild barn, barnegruppa og for barnehagen som heilskap og dei kriterium som barnehagelova, rammeplanen og lokale retningslinjer og planar gir.

Korleis og på kva måtar gjer vi dette i Halbrend barnehage?

Kva	Korleis	Kvifor
Månadsplan/informasjonsskriv	Oversikt over aktivitetar og hendingar, og anna informasjon frå barnehage til heimen. Blir sendt ut via e-post og visma flyt barnehage, pluss oppslag på avdeling.	Viktig informasjonskanal ut til foreldre.
Dokumentasjon av aktivitetar i avdelingane	Bilde/bildekollasj og/eller enkel tekst, hengt som oppslag på avdelingane. Publisering av dagbok notat med biletar på visma flyt barnehage som vekes oppsummering.	Dele med foreldra kva som skjer i kvardagen vår. Være til hjelp for samtalar i heimen om det som har skjedd i løpet av dagen/veka. Barn får støtte til å fortelje om dagen sin gjerne i lag med personalet ved henting.
Perm til kvart einskild barn	Samling av teikningar og anna som barna har laga og biletar frå det som barna har vore med på i barnehagen.	Minnebok frå åra i Halbrend barnehage.
Samtalar med barn	Spontant er vaksne i samtalar/dialog med barn i leik og aktivitetar gjennom dagen. Planlagde samtalar, der vi søker informasjon om korleis barnet har det i barnehagen. Blir gjennomført før foreldresamtalane om våren det året barnet begynner på skulen	Gjennom samtala kan barnet gje uttrykk for korleis dei opplever kvardagen i barnehagen. Barna sine synspunkt skal ha innverknad på det vidare arbeidet med utvikling av barnehagen/avdelinga. (jf. Barns medverknad). Det som kjem fram i samtala er viktig som grunnlag i vurderingsarbeidet vårt.

Observasjonar	Gjer vi heile tida, og deler med kvarandre i dagen og i avdelingsmøta. Systematisk observasjon i forkant av foreldresamtalane.	Gjennom observasjonane får vi informasjon om barnet si trivsel og utvikling i barnehagen og dette skal være med i grunnlaget for dei vurderingar vi gjer.
Interne møter	All informasjon som vi samlar inn skal være med å setje dagsorden for møta i barnehagen. Møter vi har er; leiarmøter, avdelingsmøter, personalmøter og planleggingsdagar.	Refleksjonar og vurderingar gjort av personalgruppa, blir so brukt til vidare planlegging og utvikling av arbeidet i barnehagen. Fagleg utvikling og oppdatering for personalet.
Brukerundersøking	Spørjeundersøking felles i kommunen, anna kvart år. Gjennomført november 2021	Skal være med å gi oss eit bilet av korleis foreldra og barn opplever barnehagetilbodet og er eit viktig grunnlag for å gjere barnehagen betre.

Hendingar og markeringar i barnehagen 23-24



Haust

21. august	Start nytt barnehageår
September (v.37)	Foreldremøte
19. oktober	Salskafe
November (v.47)	Teaterforestilling skinnvotten, Klubben



Vinter

13. desember	Luciafering
15. desember	Nissefest
Januar	Prosjektperiode Tema: Hakkebakkeskoggen
16. februar	karneval



Vår

29.april	Vårdugnad i barnehagen
16.mai	Vi øver på heiarop og 17.mai tog
17. mai.	Stiller under eiga fane i 17.mai toget. Foreldre til klubb barna ansvarlege.



Sommar

Juni (v.23)	Sommarfest
--------------------	------------